

Fra: Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>
Sendt: mandag 21. juni 2021 15:00
Til: Postmottak Alver
Kopi: Pål Kjetil Tufta; Inge Herman Rydland
Emne: Fwd: Alver kommune

Til
Ørjan Raknes Foun,
Rådmann
Alver Kommune

Klage på sak 21/4729 - 21/34663: Reguleringsendring Solbakken gbnr 173/ PlanID 1263 - 200103

Eg eig gardsbruk 173/3 i Alver kommune.

I frå den garden vart det for meir enn tjue år sidan skilt ut eit byggjefelt, Solbakken. Eg fekk av kommunen løyve til å leggja ut 5 tomter for sal. For å få kommunal godkjenning, måtte arkitekten teikna inn eine-bustader og garasje med møneretning, mm. Den sjette tomte skulle vera friareal. Eg argumenterte allereie då for at friarealet var særst uezna til det formålet. Ikkje uventa er det også innbyggjarane si vurdering: Det er rett og slett eit for farleg friareal. Sidan har denne saka vore opp til drøfting med kommunen (Lindås) fleire gonger. Eg har i meir enn ti år freista flytta friarealet opp på flat mark. Der finns det areal som eignar seg.

Ein ny formell søknad, utarbeidd av Arkoconsult var sendt til Alver kommune 14. mai 2021. Den søker om å få flytte friarealet til ope landskap og at friarealet ved omregulert til tomt, slik planen var. Søknaden vart avvist av administrasjonen. Eg legg brevet ved her som referanse. Eit hovedargument er at Solbakken "allereie har eit eigna område for lek og friområdet". Då dette etter både mi og Arkoconsult si vurdering vart oppfatta som ei direkte feil vurdering, ba me å be om ei synfaring. Det har administrasjonen avvist (sjå e-post her under, den oppsummerer den dialogen).

Brevet i frå kommunen datert 26.05.2021 peikar også på at vegen er for smal for fleire bueiningar. Vel, saka er slik: Ei kort tid etter att eg selde tomtene innafor dei rammer som kommunen hadde lagt (dvs 5 einingar), gav kommunen sin sakshandsamar løyve til å auka antal bueiningar frå 5 til 9, utan nye krav til infrastruktur. Den avgjerda kom som ein stor overraskelse på meg. Korleis kommunen då kan leggja krav til vegbredde til grunn for å avslå ein søknad om regulegsendring, er ikkje enkelt å forstå.

Med denne e-posten ber eg om att du ser over saka, og att kommunen stiller på ei synfaring, som kan gje grunnlag for ei meir informert sakshandsaming. Eg kan stilla nesten når som helst, berre eg får nokre dagar på meg.

Med venleg helsing,

Inge Herman Rydland
4127370

----- Forwarded message -----

Fra: **Pål Kjetil Tufta** <pkt@arkoconsult.no>

Date: man. 21. jun. 2021 kl. 13:26
Subject: SV: Alver kommune
To: Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>

Heisann!

Eg har fått litt dialog med saksahandsamar her på telefon, orsak at eg ikkje har fått tid til å komme tilbake til deg.

Han er ikkje interessert i noko synfaring her, dessverre. Alver kommune er fast bestemt på at dette er ei omregulering dei ikkje ynskjer.

Sakshandsamar hadde og satt seg inn i historikken her, slik at dette var heller ikkje nokon grunnlag for diskusjon meinte han.

Det var og eit poeng meinte han, at kostnadene med å gå vidare dersom ein fekk gjennom oppstart politisk, ville være ganske høge og kanskje ikkje forsvare fortienesta med ein ny bustadtomt.

Her ville komme rekkefølgjekrav om utbetring av veg, krav om VA-plan i tillegg til full reguleringsplan med krav om konsekvensutgreiing, osv.

Slik det framstår no, er einaste reelle moglegheit å krevje at planframlegget vert lagt fram for kommunestyret for endeleg handsaming. Innstillinga frå administrasjonen vert då sjølvstendig negativ.

Med vennlig hilsen/Best Regards

Pål Kjetil Tufta
Faglig leder | Partner

Arkoconsult AS

Direkte: +47 99520416 | Felles: +47 56390003

Epost: pkt@arkoconsult.no

Faktura sendes digitalt til:

faktura@arkoconsult.no



Hovedkontor - Valestrandsfossen:

Arkoconsult AS

Postboks 103, HTB-bygget

5291 Valestrandsfossen | NORWAY | www.arkoconsult.no

Avdelingskontor - Voss

Arkoconsult AS

Strandavegen 2

5705 Voss | NORWAY | www.arkoconsult.no



Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.

Fra: Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>

Sendt: 21. juni 2021 13:15

Til: Pål Kjetil Tufta <pkt@arkoconsult.no>

Emne: Alver kommune

Hei

Har du hatt kontakt med Byggesak/Alver om ei synfaring på Rydland?

Torsdag eller fredag denne veka passar bra for meg.

Mvh

Inge Herman Rydland